

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 1

juni 2001

Årgang 11



Gudrun Helene Lunde går i lære hjå sjølve meisteren , Sigbjørn Bernhoff Osa.
Foto: Nils Rogn

Innhald

Leiarbrev i mai	2	Opprydding	11
Fire heiderskarar og ein peparsvein	4	Litt om læreplanarbeidet	11
Kontingent til Valdres Folkemusikklag .	5	Prisutdeling/- tevling	12
Diskusjonsgruppe i folkemusikklaget	6	CD-omtaler	12
Nytt kvalitetsprodukt frå Øystre	6	Haldor Røyne - CD-Slepp	13
To store konserter i Skrautvål	7	Valdres Folkemusikkgruppe	
Helsing frå Folkemusikkarkivet	8	lever vidare!	14
Etterlysing	9	Strunkeveko 22. – 27. Juli 2001	14
Jørn Hilme-stemnet 2001	9	Primstaven:	15

LEIARBREV I MAI

Så vart det nok eit år med leiarvervet - og oppgåvane som fylgjer med. Slik som å skrive nokre «velvalde» ord i medlemsbladet. Det har gått nokre månader sidan sist, og no var det på tide med ei ny utgåve.

Mykje har skjedd sidan siste nummer av «Låt o link», og noko av det mest gledelege er sjølvsgatt tildelinga av 100 000 kroner i festivalstøtte til Jørn Hilme-stemnet. Dette gjer at me står tryggare rusta økonomisk, og kan satse for fullt på å gjere stemnet endå betre både i kvalitet og omfang. I fyrste omgang valde me å oppjustere stillinga til Solveig slik at ho no har ei 60% stilling. Ho vil prøve å fordele arbeidstida si slik at Hilme-stemnet utgjer 35%, Strunkeveko 20% og dei resterande 5% blir for styret i Vfl. Ho er for lengst godt i gang og har fått kontorplass i felemakarbygningen på Museet.

Årsmøtet vårt 23. mars samla 22 personar. Sidan møtet er ope for alle interesserte burde sjølvsgatt fleire ha møtt fram, men eit årsmøte har vel aldri vore nokon stor publikumssuksess. Likevel vart det mange interessante debattar. Viktig for lesarane av dette bladet er at medlemskontingeneten vil gå opp frå neste år. I staden for bladpengar som det erfarringsmessig krev stor innsats å få inn, valde styret å legge fram eit forslag om at ein del av medlemskontingeneten skulle gå til Valdres Folkemusikkklag - som dekking av utgifter med medlemsbladet. Me meiner det er viktig at alle får medlemsbladet, og det vart vedteke at av den kontingeneten som blir betalt, skulle 20 kroner for kvar vaksen medlem og 5 kroner for born gå til Valdres Folkemusikkklag. Sidan LfS krev dette inn slepp me noko ekstra papirarbeid med det. Dei siste to-tre åra har bladet vore gratis, dvs. delvis finansiert av VFL og av kommunene som har stilt opp med gratis kopiering. For å få ei noko proffare redigering og «layout» av bladet har me elles knytt til oss Nils Leine som får eit redaktør-/redigeringsansvar av bladet.


Lokalkappleiken/runddansstemnet vart avvikla dagen etter årsmøtet og samla bra med deltakarar. Publikumsmessig var nok ikkje Valdres-kvelven like fornøgd, og økonomisk vart det berre så vidt på pluss-sida. Etter kappleiken vart det drege i gang ein debatt på «nettet», der framtida for eit slikt årleg lokalt folkemusikkstemne var tema. Etter 20 år i om lag same spor, er nok tida moden for å sjå om det kan vera andre måtar å arrangere kappleiken/stemnet på. Eg håpar fleire kan bidra med synspunkt på dette, styret har i alle fall tenkt å sende lokallaga to-tre alternative forslag til høyring i løpet av hausten.

Internett, ja. Også folkemusikken har kasta seg på dette, både Jørn Hilme-stemnet, Strunkeveko og fleire lokallag har eigne sider. Dette vil også me i Vfl vera med på, og håpar at me i løpet av ikkje altfor lang tid kan framstå som folkemusikkportalen for Valdres! Fylg med! Men ei papirutgåve («Låt o link») lyt til lell, og her oppmodar eg lokallag og

enkeltpersonar om å bli flinkare til å nytte bladet. Me håpar etter kvart å kom i rute med fire nummer i året, med utgjeving i mars, juni, september og desember.

Til slutt vil eg få gratulere Valdres Folkemuseum med 100-års jubilèet. Trass alderen er muséet i høgste grad eit aktivt og levande museum. Viktig for oss er at folkemusikk og -dans er eit av satsingsområda framover. Men desse kulturuttrykka har heile tida stått sentralt i museét sitt arbeid. Det har heile vegen vore gjensidig nytte og stimulans i arbeidet med å ta vare på Valdrestradisjonane mellom muséet og miljøet. Eg trur ikkje eg tek for hardt i når eg påstår at utan muséet som lag spelar ville nok folkemusikkmiljøet i Valdres vore mykje mindre synleg i dag. Museét har vore samlande for miljøet, ikkje minst takka vera Jørn Hilme-stemnet som museét starta i 1960. Om det no er Valdres Folkemusikklag som arrangerer Jørn Hilme-stemnet, er museét som arena avgjerande for det omdømme stemnet har fått. Med den satsinga som har vore og som er tenkt framover for stemnet, håpar me å kunne betala attende litt av alt me har fått/får. Museet får meir trafikk, og stemnet har også gjort sitt til at Valdres Folkemusikklag alt i desember overrekte ei 100-års gáve - ikkje mindre enn 150 000 kroner til dansegolv i festsalen i nybygget. Me ser fram til å ta golvet i bruk!

God folkemusikksumar frå
Nils



*Vi har hatt mange gode hardingfele-instruktørar opp gjennom åra. Dei har vore til stor inspirasjon for unge, ivrige musikarar. Her ser vi Sigbjørn Bernhoft Osa til venstre og Ola Nordvald Hagen under. Osa var utruleg fin å ha på besøk.
Foto: Nils Rogn*



FIRE HEIDERSKARAR OG EIN PEPARSVEIN

På Den Store Springarfesten i påska gjorde Øystre Slidre spel- og dansarlag stas på fem av medlemene sine, som alle nyss passerte runde tal på vegen framover i eit menneskeliv.

I mars fylte Knut Steinsrud og Knut Bolstad 80 år, Rolf Karlberg 70 og Olav Jørgen Hegge 60 år. Utan at vi her og no skal gå karane nærare etter i bunadsaumen, kan ein vel seie at ingen av dei er fødd og turka bak ein kakkelovn.

Knut B.

Knut Bolstad, far til Trygve, har vore med i Øystre Slidre spel- og dansarlag heilt sidan starten i april 1943. Knut har vyrdamt og samvitsfullt teke vare på musikkarven og gjeve han vidare til generasjonane etter seg, til dømes Tore Bolstad, som lét ein lydarlått etter Ola Okshovd til ære for både Knut og dei andre jubilantane. Og som han sa, 60-årsjubilanten Olav Jørgen: «Bolstad-fela let ypperleg i kveld, Tore».

Olav Jørgen

«Du Olav Jørgen er ein tradisjonsbærar i liv og virke, men samstundes ser du utover, du er ein verdsborgar, klar til å prøve nye ting», tala Anne Kjellfrid Nøbbben vakkert til venen sin. Hegge-guten bur store delar av vinteren i St.Paul, Minnesota, der han mellom anna er instruktør for Twin City hardingfelelag. Yiihaah!

Rolf

Rolf Karlberg lært springardans av Gullik Kirkevoll, og debuterte på ein kappleik i Drammen sumaren 1958. «Hugsar du det, Rolf?» spurde Kjellaug Bolstad i den fine tala si. «Ja, eg dansa med deg», svara Rolf blidt, og kvitterte for tala og festen med eit heimelaga stev om spel- og dansarlaget, som «er dei beste til å spela, danse og syngje og feste». Rolf Karlberg er ikkje kjend for å fara med lygn.

Knut S.

Den siste, nei, nest siste, jubilanten, Knut Steinsrud, vart teikna slik av Marit Hansegård:

Kjære 80 år gamle Knut, du er jaddi ein spræke gut. Du dansa springar og instruera og spreie utover dansegleda. I innland framifrå instruktør, i utland Valdresambassadør.

Ja, mang ei jente og mang ein gut, har lært se springar tå hono Knut. O fulji låtte, de va kji lett, men ette kort sku du berre sett! Dei dansa takte mæ link o sprett, ja moro va det då, rett o slett.

Te både svenske o amrikanar, du lærde burt våre dansevanar. Dei kom på kappleik o svinga se, o laget sitt kalla dei upp ette de. Men største gleda ha ho Berit hatt, so dansa me de natt ette natt».

Og kva svara Knut til all rosen? «Det hadde greidd seg med mykjy mindre, sa guten som fekk julung»

Anders

Den siste jubilanten var heilt ubudd på merksemda som vart han til del. Anders Røine har runda 30, og fekk valet mellom ei peparbøsse og å danse ein springar med ei yppig blondine som vart førd fram for han. Kva valde Røinisguten? Han dansa med blondina, må vita, og jaddi kvitterte han ikkje med ein munnhørpelått etterpå.

Leiar Erik

Leiaren i laget, Erik Onstad, skal ha stor takk for at han er meir oppteken av å danse enn å preike. Han sekunderte nå delaust talarane under bordsetet, og difor vart det verkeleg Den Store Springarfesten. Herverande skribent heldt seg i lag med mange andre i driv ute på golvet til lenge etter at natta tok sitt og gjekk.

ESTHER SONJA BERGENE

KONTINGENT TIL VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

På årsmøtet la styret i Valdres Folkemusikklag fram ei sak om ein eigen kontingent som skulle gå til laget. Forslaget vart samrøystes vedteke og vil ta til å gjelde frå neste år. Sidan dette vil føre til auka kontingen for medlemmene i dei enkelte lag, gjev me her att grunngjevinga for saka og håpar på forståing også frå dei som ikkje var på årsmøtet.

- Valdres Folkemusikklag har til no ikkje hatt nokon eigen kontingen. Dette er innført i dei fleste andre region-/fylkeslag, og Landslaget for Spelemenn krev inn denne i lag med kontingenent elles.

Årsmøtet blir no bedne om å ta stilling til å innføre ein slik kontingen frå neste år. Hovudargumentet for å innføre dette er å få finansiert medlemsbladet vårt, «Låt o link». Med utgangspunkt i 4 nummer i året, blir kostnaden på omlag 20 kroner med kopiering og porto. Om kvar vaksen medlem fekk høgda lagskontingen med 20 kroner, ville me kunne dekke utsendinga og produksjonen. I tillegg kunne me kanskje ta inn ein femmar frå dei yngste medlemmene. Ein «kjernefamilie» (to vaksne og to born) ville då måtte ut med ein femtilapp ekstra i kontingen - det same som abonnementet i si tid kosta. (Enkeltmedlemmene ville då bli subsidiert, men ein får jo ikkje alt heilt rettferdig).

Det positive med dette - utanom å få dekka bladutgiftene - er at me slepp jobben med å krevje inn, og at alle «får att» kontakt med laget sitt samt Vfl trefire gonger i året. Me bind oss sjølvsgatt dermed til å måtte gje ut bladet, men «alle» meiner det er viktig at det finst så det lyt me satse på går bra. To og to medlemslag må difor stå for det praktiske opplegget med kopiering, stifting og

utsending slik som før.

Men dette krev at alle medlemslag blir flinkare til å nytte «Låt o link» i sitt informasjonsarbeid overfor medlemmene. Me må nok også satse litt på layout og «proff» datahjelp. Nils Leine er villig til å redigere stoffet, og i tillegg kan kansje dagleg leiar ha ei fast purrerunde på stoff tre-fire gonger i året.

Vedtak i styremøte 12. mars:

Styret tilrår overfor årsmøtet å gå inn for den skisserte ordninga frå og med år 2002. Kontingent til Valdres Folkemusikklag blir då kr. 20 for vaksne medlemmer og kr. 5 for ungars. Kontingenen blir kravd inn av Landslaget for Spelemenn i lag med lokal og sentral kontingenget elles.

Og årsmøtet 23.mars hadde ingen innvendingar til dette...

NYTT KVALITETSPRODUKT FRÅ ØYSTRE

På Den Store Springarfesten presenterte laget eit flunkande nytt teksthæfte og ein CD med vokal tradisjonsmusikk, som skal delast ut gratis til alle elevar i 1. - 4. klasse i skulane i Øystre.

«Dersom ungane skal få eit eigarforhold til sin eigen kultur, er det viktig å brøyte seg veg gjennom det dominante mediebiletet med ei overvekt på amerikanske såpeseriar», meiner Øystre Slidre spel- og dansarlag. I fjar arrangerde laget kurs i vokal tradisjonsmusikk for tilsette i barnehagar og småskular i kommunen, og det var så vellukka at det ga inspirasjon til å arbeide vidare med konseptet. Det nye heftet og CDen er basert på det materialet som vart nytta på kurset, og lydbiletet er fylt ut med hardingfele og fele (Jan Beitoaugen Granli og Jan Arne Sebuødegård), langeleik (Oddrun Hegge) og ei forteljarstemme (Anne Kjellfrid Nøbbelen). Songstoffet er henta frå heile Valdres, og det vokale tek Kristin Gulbrandsen, Eli Marit Fuglesteg og Knut Arne Jacobsen seg av.

Prosjektleiar har vore Olav Amund Lie.

ESTHER SONJA BERGENE

DISKUSJONSGRUPPE I FOLKEMUSIKKLAGET

VFL har starta ei diskusjonsgruppe på internett. Har kan alle medlemmer melda seg på og koma med meininger eller berre fylgja med på at andre dummar seg ut. Det er også fint til formidling av informasjon om arrangement og ting som vi bør vita om elles. Bli med og ta del i diskusjonen! Du finn adressa ved å gå til <http://home.no.net./vangspel>. Ta kontakt dersom det er problem med å koma i gang.

TO STORE KONSERTAR I SKRAUTVÅL



Frå Konserten i Skrautvål samfunnshus tidlegare i vår, med Ole og Knut Bråten og Steinar Ofsdal. Ein flott konsert med topp artistar.

Foto: N Leine

Fredag den 8. juni var det konsert i steinfjøset i Skrautvål. Det var to framifrå musikarar som var møtt fram og dreiv og varma opp då vi kom inn. Og musikken vart berre betre og betre. Det var Jan Beitohaugen Granli og Vidar Berge frå Strandebarm i Hardanger som heldt konsert.



Framhald siste side.

*Eit drivande
godt samspel
opplevde vi
som fekk vera
på denne fine
konserten.*

HELSING FRÅ FOLKEMUSIKKARKIVET

Folkemusikkarkivet er ein integrert del av drifta ved Valdres Folkemuseum, og museet er folket i Valdres sitt eige. For meg som arkivar og for museet er det viktig å halde dialogen med dei lokale spel- og dansarlaga open. Ingar og eg var difor til stades på førre styremøtet i Valdres folkemusikklag for å informere og for å svare på eventuelle spørsmål. Eg håpar at alle spel- og dansarlaga får tilbakemelding frå dette møtet. Eit av spørsmåla me drøfta var innsamling. Som alle vel forstår er det uavgrensa utfordringar på dette feltet. Til opplysning har mengda av innsamling til folkemusikkarkivet vore stabil dei siste åra. Eg vil rose dei spel- og dansarlaga som også tek eigne initiativ til å seta i gang med innsamlingsprosjekt. Kanskje tida er mogen til å velje ein innsamlingsansvarleg i kvart lag? Dette er prøvd før, men har ikkje heilt fungert. Ta gjerne kontakt dersom de ynskjer å låne DAT-spelaren eller om de ynskjer samarbeid på andre måtar. Til opplysning var CD-prosjektet med Ingvar Hegge sist haust eit positivt samarbeid mellom Øystre Slidre spel- og dansarlag v/Marit Mattisgard og meg som arkivar.

Arkivaren deler tida si mellom innsamling, registrering og utoverretta verksemd, deriblant med oppgåver som del av arbeidsfellesskapet ved museet. Siste store oppgåve var å ha hovudansvaret for planlegginga og gjennomføringa av jubileumskonserten 10. juni. Takk til alle utøvarane som stilte opp – ein spesiell takk til alle dansarane som representerte dei lokale spel- og dansarlaga i Valdres.

Folkemusikkarkivet er ein del av Studiesenteret ved museet, og er for tida fysisk plassert i utstillingshallen i 1. etasje i administrasjonsbygget. Arkivet er ope for publikum fem dagar i veka i vanleg arbeidstid (i tillegg til kvar måndagskveld utanom sommarsesongen), men arkivaren er berre til stades to dagar, fortrinnsvis tysdagar og onsdagar. Eg understrekar at det går fint an å gjera direkte avtale med meg om andre treffdagar og tidspunkt om de treng hjelp til å finne fram. Eg vil gjera merksam på at det finst utskrifter med oversikt over spelemenn og låttar i arkivpermen som står ved sidan av kassettpelaren og det er fleire permar i øvste hylle vis a vis. Skuffane med arbeidskassettar er godt merkte og synlege.

Den årlege **Songverkstaden** bli i år helga 6.-7. oktober. Invitere instruktørar er Ingvar Hegge/Marit Mattisgard, Unni Løvlid og Kari Hagaseth. Det blir som vanleg utlyst stevtevling i forkant av Songverkstaden. Tema i år: Nybygget ved Valdres folkemuseum. Så kvess blyanten Innleveringsfrist er 28. september.

*Ein god og triveleg folkemusikksommar ynskjer **Bente arkivar***

Adresser i Folkemusikklaget

Det vart så mykje stoff i dette nummeret at det blir ikkje plass til adresselister over styret og lokallagsleiarar. Dei er då inntil vidrare lagt på internett til <http://home.no.net/vangspel>. Klikk vidare på Valdres Folkemusikklag.

ETTERLYSING

av artiklar som høyrer til Valdres Folkemusikklag:

Solveig og Bente ynskjer å få ein oversikt over salsartiklar som er i kommisjon rundt omkring i dei lokale spel- og dansarlaga. Det gjeld spesielt:

Kjeldeskrifte til Anna Fuglesteg (bok og kassett)

Runddansheftet

Lydarlåttane i Valdres (dobel CD og hefte) (er tom for CD'ar i arkivet)

Ta kontakt med Solveig tlf: 61 36 46 71 eller Bente tlf: 61 35 99 20 eller send ein mail.

JØRN HILME-STEMNET 2001

Ein treng ikkje bruke store ord for å få lesarane av Låt o link på Hilmestemnet. Det er godt, for ein pr-sjef kan stundom gå leitt av dei store orda. Ein liten presentasjon skal de likevel få, så de får ein «gladbodskap» å spreie til naboar, vene og slekt. Men først nokon generelle tankar. Dei som ikkje orkar pjatt kan hoppe lenger ned.

Det har blitt diskutert å laga ein handlingsplan for Hilmestemnet. Planen kan t.d. innehalde målsetjing, virkemidlar osb., men kva er eigentleg målsetjinga for stemnet? Utan at me direkte har diskutert dette i hovudnemnda for stemnet, trur eg mange ser på stemnet som eit viktig tiltak for å stimulere folkemusikkaktiviteten i Valdres. Stemnet er såleis til for lokalmiljøet, og ønsket vårt er at stemnet skal gje inspirerande opplevingar for dei besøkande.

Målsetjingar er det ganske lett å vera samde om. Verre er det med virkemidlane ein nyttar for å nå desse målsetjingane.

Litt av alt, eller alt av litt?

Runddans, arrangert musikk, trommer, open klasse, toradar... Den noverande hilmeleiinga har av fleire årsaker valt ein liberal profil i desse spørsmåla, ein slags «litt av alt-politikk». Me har tenkt på publikumstilstøyninga, og det faktum at folkemusikkmiljøet i Valdres er samansett. Samstundes har me ønskt å presentere den solistiske tradisjonen i Valdres. Personleg er eg brukbart nøgd med blandinga, litt sterkt, litt svart og litt søtt, og det eg ikkje er nøgd med skal eg krangla om før neste stemne. Positiv krangel er me nemleg gode på, og svara våre finn me etter heftige ordskifte.

Her kan eg såleis berre finne mine eigne svar på kva som er rett for stemnet. Dei med andre moglege svar oppmodast om å melde seg til teneste før neste års stemne.

Stemnet i 2001.

Samarbeidet med Strunkeveko gjer det mogleg å presentere heile 16 konserter, 4 kveldar med dans, barneteater, CD-slepp, historisk-musikalisk busstur til Vang, (leia av Sigfred Hovda), 8 kurs og godkarteving, busskonsert og dugurdsdans i Fagernes sentrum.

Eg kan ikkje nemne alt her, men

Hovudkonserten i år er den sjølvprodusert framsyninga «DANS!». Marit Mattisgard og Ellen Persvold har sett saman eit brei presentasjon av bygdedansen i Noreg, og mange av landets beste og verste dansarar og spelemenn skal vera med. (Om lag 50 i talet) Det blir også brukt nokon spanande tekniske løysingar under konserten. Dette blir såleis garantert ei stor opplevelse.

Gruppa Fjøgl frå Nordfjord er eit viktig trekplaster for å få ungdom på stemnet. Medverkande er; Liv Merete Kroken, Sigrid Therese Moldestad og Unni Løvlid. Desse har eit spenstig og spanande samspele/song.

I samarbeid med Strunkeveko arrangerer me også Lærarkonsert, Meisterklassekonsert og Elevkonsert. Dette er svært gode konsertar, og ein får eit unikt møte med ein stor gruppe ungdom som driv med folkemusikk på Austlandet. Humor, glede, kule ungdomar og prestasjoner. Gå ikkje glipp av denne store inspirasjonen!

Dei andre konsertane;

Gunnlaug og Knut - kut ut: Kvedaren Gunnlaug Lien Myhr og flatfelespelemann Knut Kjøk.

Søate og vestate: Kvedarane Birgit Rike Lund og Unni Løvlid.

Lite heimate og lite burtate: Marit Steinsrud, Lasse Stang og Helena Wright.

Sumarkveld i Jotunheimen: Marit Mattisgard, Trygve Bolstad og Magne Olav Selland

CD-slepp: Haldor Røyne, hardingfelespel frå Øystre Slidre: Niels J. Røine, Tore Bolstad og Olav Jørgen Hegge spelar låttar etter Haldor og ta:lik presenterer den nye plata med arkivoppptak av Haldor.

Øpe stogo: Olav Jørgen Hegge opnar Dalestogo for alle som vil høyre på, eller fortelja historier, spela, synge, danse osb....

Barneteaterstykket «Hopp Helling» blir synt fram to gonger. Først i Fagernes sentrum, laurdag på dagtid, sidan på museet tidleg om kvelden. Medverkande: Martin Myhr, Unni Boksasp, Torgeir Leivdal og Jørn Simenstad. Alle er velkjende utøvarar frå kappleiksscena. Morosamt også for vaksne born.

Godkartevinga: Er grabukkadn framleis godkarar, eller er dei skorne? Mange utan betre vit vil iallfall seia at det går nedover med gjengen. Dei arrangerer likevel godkarteving. Møt fram og gje dei bank!

Økonomi og festivalstøtte

Kva har me så brukt festivalstøtta på? Ja, sanninga er at leiarane har vore ein tur i syde... at me har auka innkomene våre også på andre område, slik at budsjettet no ligg i overkant av 400 000,- Sponsorinntektene har auka, stønaden frå fylket har auka, og me vonar at kommunane også vil stø oss litt meir enn før. I tillegg reknar me med ei lita auke i billettinntektene.

Pengane har me fordelt utover budsjettet. Dagleg leiar, Solveig Hårdnes, arbeider i 35 % stilling for oss, ei stilling me har hatt eit stort behov for. Ho vil gje oss kontinuitet og dagleg driv. Vidare har me har auka konserthonorara og utgiftene til lyd og lys. Profileringa i Fagernes sentrum får eit løft, og me kjem til å bruke pengar på ei ny estetisk løysing for scena på kulturhuset. Me har også tenkt å halde fram med dei fine overskota me har hatt dei siste åra. Mykje av dette blir gjeve Valdres Folkemusikklag som kompensasjon for dognadsinnsatsen alle medlema i lokallaga gjer. Me seier altså at me betalar løn

for dugnadsinnsatsen. Noko går også til folkemusikklaget for å betale ned på det «dansegolvet» folkemusikklaget gav til det nye administrasjonsbygget på museet.

Velkommen til det me vonar blir det største og beste hilmestemnet nokon gong!

MEIR INFO, BROSJYRAR, PLAKATAR?

(Heng gjerne opp ein plakat der du ser det manglar!)

Web: www.hilme.com **tlf.:** 6136 4671
e-post: info@hilme.com **faks.:** 6135 9901

OPPRYDDING

Søvelheim skal fløtast i august. Folkemusikklaget har mykje ”ting” der, bl.a. T-skjorter frå landsfestivalen og landskappleiken på Fagernes. Desse blir det mogeleg å kjøpe på kontoret fram til 1.august for kr. 10,- pr stk.. Nils (han Nils) seier dei er av god kvalitet, fine i fjøset...kyr, sauer, geiter ...name it...blir så gode å ha med å gjera då...når han har T-skjortene på!

Kom og kjøp!

Har nokon forslag på kva me skal gjera med dei som evt. er att? Hjelpesending...

LITT OM LÆREPLANARBEIDET

Valdres Folkemusikklag har lenge hatt ynskje om å få til ei plan for opplæring i folkemusikk, sang og dans. Arbeidet starta alt i 1994 med eit utkast som vart ført i pennen av Tor Morten Røer, Harald Røine, Marit Strømmen, Elisabet Kværne og Anne Berit Strømmen Strand. Det er dette arbeidet Trygve Bolstad, Solveig Hårdnes, Elisabet Kværne og Oddrun Hegge no byggjer vidare på, oppdaterar og legg fram for styret til hausten.

Plana blir omfattande sidan det i mandatet heiter : «Kva kan gjerast for å styrke folkemusikkopplæringa i og utanfor grunnskulen i Valdres?» Det vil seiå at det er ynskje om å seta opplæringa i spelemannslaga, musikkskulane og grunnskulen i system for at så mange som råd av barn, ungdom og vaksne skal ha høve til innføring og innleving i denne delen av lokal kulturarv.

Fyrst må målsetjinga med opplæringa skisserast. Så må ein sjå på kva ressursar ein har å bygge på, både organisasjon (korleis lokallag, musikkskulen, grunnskulen arbeidar) og sjå på kva personar som yter og kan yte insats for opplæring. Deretter er det viktig å laga gjennomførbare kortidsplanar (års/treårs eller femårsplanar).

Dei lokale spelemannslaga er bedne om å gje ei oversikt over korleis opplæringa fungerar hjå dei. Det gjeld instrumentsituasjonen, instruktørtifang, samarbeid med musikkskulen, talet på medlemmar i ulike aldersgrupper, namn på personar som yter og kan yte insats og elles må lokallaga koma med innspel og forteja om forventningar til ei samordna læreplan.

Om du som leser av Låt og link har ynskje om å veta meir om innhaldet i plana og å delta i utforminga, må du gjerne ta kontakt med ein frå nemnda, anten Trygve, Solveig, Elisabet eller Oddrun.

PRISUTDELING/- TEVLING

Torleiv Bolstads minnestipend

I år skal Torleiv Bolstads minnestipend (etter gavet frå Kjellaug Bolstad) skal utdelast under Jørn Hilme-stemnet. Utdelinga skjer ved starten av festframsyninga fredag

Stipendet skal delast ut til

- hardingelespelarar i Valdres
- aldersgruppe mellom 15 – 25 år
- nokon som syner evne og vilje til å gå inn for folkemusikk frå Valdres

Har de forslag til kandidatar ta kontakt med Knut Opheimsbakken, tlf. 61 36 55 68.

Andris A. Dahles minnepris


Andris A. Dahle var ein viktig berar av tradisjonen etter Ivar Ringestad og Ola Okshovd. Særleg var Andris kjend for lyarlåttspelet sitt. Kvart tredje år blir det på Hilme-stemnet delt ut ein minnepris til beste lyarlått-spel på fele og hardinge. Dei som ønskjer å tevle om denne prisen, må spela ein lyarlått på kappleiken laurdag.

CD-OMTALER

Den siste tida har det vorte gjeve ut ei rekke CD'ar med folkemusikk frå Valdres og det vil og kome fleire seinare i år.

Øystre Slidre Spel og Dansarlag har utarbeida ein barne CD – **”DAM DAM DELE”** i høve 2000 års skiftet. Cd'en har songstoff som er henta frå heile Valdres. Det er og utarbeida eit kurshefte med CD som består av eit hefte og ein kurs-CD.

Songmaterialet på denne er det same som på barne CD'en, men er ordna etter Song type. Det er og teke med ei innføring i tradisjonssong av Bente Ingholm Hemsing. Utøvarar som er med på CD'en er: Kristin Gulbransen, Knut Arne Jacobsen, Eli Marit Fuglesteg, Oddrunn Hegge, Jan Arne Sebuødegård, Jan Beitohaugen Granli og Anne Kjelfrid Nøbben.



I haust kom det ut ein CD med Ingvar Hegge. Ingvar Hegge fekk i fjor Haldor Røynes ærespris - den høgste folkemusikkutmerkinga i Valdres. Han har teke vare på mange låttar som ein flink hullar - og har laga svært mange langeleikar. Tittelen på CD'en er "LÉA DE". På den finn du låtnehulling, småstubbbar, stev og danseslåttar. Sørgjelege viser er óg representert.



Opptaka er gjorde mellom anna på Jørn Hilme stemne. Nokre av dei går 10-15 år tilbake i tid, andre er frå 2000.

"**LÅTT OG LEVEN**" er ein CD med unge folkemusikkutvarar frå Valdres. I omtala av CD'en skriv Solveig Hårdnes, som er prosjektansvarleg for CD'en, at "målet med denne utgjevinga er å syne fram den unge folkemusikaren i Valdres og hans tolking av tradisjonsmusikk frå dalføret både i solo, samspel og arrangert form". Utøvarar på CD'en er: Marit Mattisgard, Bergljot Hedda Lunde, Magne Olav Selland,

Niels Jørgen Røine, Henning Andersen, Audun Rogne, Anders Erik Røine, Kristin Gulbrandsen, Marit Rolandsgard, Knut Aastad Bråten, Ole Aastad Bråten, Jan Beitohaugen Granli, Arne Hagerup, Erik Onstad og Tom Kjetil Tørstad. Dette er verkeleg ei flott CD med mykje godt lete.

Valdreslaget sel CD'en. Ta kontakt med nokon i styret.

Amerikanaren Karin L Code har gjeve ut ein CD med hardingfelemusikk frå Valdres, Telemark og Hallingdal, "**NORSK SPRING DANCE**". Dette er som ho seier sjølv ein "Danse-CD" Låttane er så lange at ein verkeleg får dansa dansen igjennom". Karin har mellom anna lært låttane av Arne Anderdal, Håkon Asheim, Tore Bolstad, Christian Borlaug, Hauk Buen, Olav Jørgen Hegge, Loretta Kelly, Harald Røine, Alf Tveit og mange fleire.



Brit B. Totland

HALDOR RØYNE - CD-SLEPP

Plateselskapet Ta:lik gjev ut ny arkiv-cd, denne gongen med Haldor Røyne frå Øystre Slidre. Haldor var ikkje berre eit folkemusikklesika, han var også spelemann med eit syngjande, vakkert og personleg spel. Vakre tonar av Haldorinspirerte spelemenn blir å høre

ved midnatt på Valdres Folkemuseum, Skulehuset, fredag 27 juli.

VALDRES FOLKEMUSIKKGRUPPE LEVER VIDARE!

Gratulerer alle! Det gjekk bra. Fylkespolitikarane ville ikkje vera med på opplegget til byråkratane. Dei fann nokre ekstra midlar og dreg i gang folkemusikkprosjekt både i Gudbrandsdalen og på Vest-Oppland i tillegg til at gruppa vår fekk fire nye år.

Det var vel sist på 80-talet at det kom i gang ei distriktsmusikgruppe innan folkemusikk her i Valdres. I starten var Vfl arbeidsgjever, medan det no er musikkkulen i N-Aurdal som har ansvaret på vegner av Valdreskommunane. Kommunane og miljøet har vore godt nøgde med ordninga, og alle fekk difor bakoversveis når nedleggingsforslaget vart kjent tidleg i veka 24. Bak det ferske vedtaket i kultur- og næringskomiteen ligg god jobbing frå fleire partar - takk skal alle ha.

God og einstemmig støtte kan vera greitt å ha med seg framover. Sjølv om ordninga no ser ut til å vera sikra i fire nye år er det budsjettdebatt kvart år, og ei evaluering om to år er signalisert. For framtida vil det nok vera viktig om heile folkemusikk-Oppland fekk i stand eit samarbeid og kunne arbeide for felles mål. Valdres folkemusikkklag vil prøve å gjera sitt for å få dette til.

Nils R.

STRUNKEVEKO 22. – 27. JULI 2001

Strunkeveko er tradisjon!

Gamle Strunkar kjem att, og nye kjem til. Arbeidet fram mot veka går om lag som tidlegare år, Aud og Ellen står på, og det gjev resultatar. I år, fjerde året som arrangør, set me nok ein gong ny rekord i antal deltagarar, no har eg 82 påmeldingar!

Me hadde eit midlertidig tak på 80 deltagarar, men me treng fortsatt nokon fleire i klassene for fele og toradar. Meld dykk på!!

Veka blir elles mykje over same lesten som tidlegare år. Undervisninga foregår individuelt, i grupper og noko i lag med heile hurven. Gruppene skal delast inn etter instrument, nivå og tradisjonsområde så langt det let seg gjera.

Nytt av året er “Sjokoladekappleik”. Her får elevane opptre med “sine” innslag, og får respons med sjokolade og “høvelege” kommentarar frå domarane. Torsdagkvelden får me besøk av folkemusikkgruppa “Fjøgl” på Slidrehuset.

Meisterklassa:

I tillegg til kurstilbodet på Strunkeveko har me ei meisterklasse på hardingfele og fele.

Dette er eit praktisk seminar for utøvarar som er kome svært langt. Kurset inneheld

ikkje primært låttelæring, men ein fordjuper seg i speleteknikk og utvikling av eigne ferdigheter. Meisterklassa varer også i år i ei veke, så ein får verkeleg god tid til å fordjupa seg i spelet saman med læremeisteren.

Kurset følgjer krava som blir sett til “masterclass”-undervisning, og det faglege opplegget er godkjent av Noregs musikkhøgskule.

Læremeister er i år, som i fjor Vidar Lande, opphavleg frå Setesdal. Vidar er ein av dei mest kunnspapsrike utøvarane i landet, og spelar både hardingfele, setesdalsfele og vanleg fele. Han har gjeve ut fleire cd-ar med setesdalsmusikk, m a ein CD i UNESCO sin serie med tradisjonell folkemusikk. Me veit at de vil ha svært stort utbyte av ei veke med Vidar!

Desverre har me ikkje fått nokon påmeldingar til Meisterklassa endå. Me treng minimum 5 deltakarar for at klassa kan avviklast, og gjer oppmerksam på at vaksne og kan melde seg på i denne klassa!!!!

Strunkeveko skal vera både lærerik, kontaktskapande og sosial – vel møtt!

PRIS FOR KOST, LOSJI OG UNDERVISNING:

<i>For deg under 15 år:</i>	<i>1800,-</i>	<i>u.overnattning:</i>	<i>1300,-</i>
<i>For deg over 15 år:</i>	<i>2100,-</i>	<i>u.overnattning:</i>	<i>1500,-</i>
<i>Meisterklassa:</i>	<i>2100,-</i>	<i>u.overnattning:</i>	<i>1500,-</i>

Me gir 600 kr. i moderasjon for sysken i full pensjon, og 200 kr. i rabatt for deltakarar frå Valdres.

No når me har så mange deltakarar treng me og fleire medhjelparar, både på dagtid og som nattevakter. Ynskjer du ei vakt eller fleire, ta kontakt med oss.

For påmelding eller meir informasjon kontakt Solveig Hårdnes:

Strunkeveko, Tyinvn. 27, 2900 Fagernes.

Tlf: 61 36 46 71 Faks: 61 35 99 01 E-post: info@strunkeveko.com

Arrangørar er Valdres Folkemusikklag og Norsk Musikkråd - Oppland.

PRIMSTAVEN:

Øystre Slidre: Fredagsdans: 6/7, 3/8, 7/9, 5/10, 2/11, 7/12

Fredagspub: 8/6, 21/9, 16/11 (samarbeid m. Vårflaumen)

Yngretreff/ konsert/ Fest: 20/10

Nyttårsfest: 31/12

VFL: Neste styremøte 10. september

Songverkstad: 6-7 oktober

B

Konsert i steinfjøset - framhald frå side 7

Ramma rundt det heile, steinfjøset , var ein ideell konsertsal. Så god akustikk er det sjeldan ein opplever, og alt frå dei varaste tonane i bruremarsjen frå Sør Aurdal til

villskapen i Fossegrimen bar utover i salen på ein utruleg fin måte. Av og til kunne guitarspelet vera litt for svakt for dei som sat bak gitaristen, men for ein gitarist. Aldri har vi høyrt valdresspringar spelt på den måten. Og det var musikk frå fleire stader i landet. Kanskje mest frå dei sørlege deler som Telemark, Setesdal, Numedal og Valdres. Dette er noko eg personleg har venta på lenge. Det å laga noko nytt av folkemusikken er det mange som har prøvd, men det krev uvanleg gode musikarar for å få det til å fungere. Det gjorde det her. Det kunne vore litt meir gamaldansspel, dette kommete eg etterpå, men Jan sa at det var den musikken dei spelte dei likte best, og det er måte på kor mykje det går an å presse inn på ein altfor stutt konsert.

Vi håper at vi får høre mykje til desse utøvarane saman. Med litt meir samspel og polering er det stoff til plateinnspeilingar i massevis.



Det var eintydige kommentarar etterpå. Dette hadde vore ei stor oppleving for alle.

Sekretariatet til VFL

Dagleg leiar: Solveig Hårdnes, Tyinvn. 27, 2900 Fagernes
Tlf: 61 36 46 71/ 61 35 99 01 (faks)
E-post: vfl@sensewave.com

Solveig har kontor i hus med Felemakarane på Valdres Folkemuseum.

Ho har kontortid: Måndag kl.10.00 – 15.00
Torsdag kl.10.00 – 15.00